

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-146  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 19.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
045/21	Utval for næringutvikling og drift	21.04.2021
	Alver kommunestyre	
049/21	Utval for næringutvikling og drift	28.04.2021

### Leveranse av scenarioanalyse Nordhordland / Alver Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret tar scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering
- Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.

### Utval for næringutvikling og drift 21.04.2021:

#### Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande tilleggsframlegg i møtet:

*Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:*

- 1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.*
- 2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.*
- 3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.*
- 4. Regionen må arbeida med merkevareposisjonering og markedsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.*
- 5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingselskap, og næringslivet generelt, meiner utvalet dette er ei god anbefaling. Utvalet ønskjer at ein på regionalt nivå etablerer eit eige organ som har fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordeler for næringsutvikling. Eit slikt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.*
- 6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og eit slikt organ som er nemnd over bør m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.*

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utvalet vedtok samrøystes Stian Lavik (KRF) sitt tilleggsframlegg.

#### ND- 045/21 Vedtak:

Innstilling frå utval for næringsutvikling og drift:

- Kommunestyret tar scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering
- Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.

Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune

peika på følgjande:

1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.
2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.
3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.
4. Regionen må arbeida med merkevareposisjonering og markedsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.
5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner utvalet dette er ei god anbefaling. Utvalet ønskjer at ein på regionalt nivå etablerer eit eige organ som har fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordeler for næringsutvikling. Eit slikt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.
6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og eit slikt organ som er nemnd over bør m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.

### **Utval for næringsutvikling og drift 28.04.2021:**

#### **Handsaming:**

#### **Ny handsaming i utval for næringsutvikling og drift - Tydeleggjering av vedtak i sak 045/21 i ND:**

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg til innstilling i saka:

*Kommunestyret tek scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering.*

*Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.*

Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:

1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.
2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.
3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.
4. Regionen må arbeida med merkevare-posisjonering og marknadsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.
5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner Alver kommune dette er ei god anbefaling. Kommunestyret ønskjer at ein vurderer på regionalt nivå å etablera eit eige organ som har kompetanse og fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordeler for næringsutvikling, i tråd med anbefalingane i rapporten. Eit slikt regionalt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten. Kommunestyret i Alver vil støtta Regionrådet sitt vedtak frå 16.april 2021 om å setja ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida vidare med dette.
6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og dersom ein opprettar eit organ som er nemnd over bør dette organet m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.

Stian Lavik (KRF) sitt framlegg i møtet vart sett opp mot utvalet sitt vedtak i sak 045/21.

Lavik sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **ND- 049/21 Vedtak:**

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande innstilling i saka:

*Kommunestyret tek scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering.*

*Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og*

aktuelle utviklingsprosesser i åra framover.

Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:

1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.
2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.
3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.
4. Regionen må arbeida med merkevare-posisjonering og marknadsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.
5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner Alver kommune dette er ei god anbefaling.  
Kommunestyret ønskjer at ein vurderer på regionalt nivå å etablere eit eige organ som har kompetanse og fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordele for næringsutvikling, i tråd med anbefalingane i rapporten. Eit slikt regionalt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.  
Kommunestyret i Alver vil støtta Regionrådet sitt vedtak frå 16.april 2021 om å setja ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida vidare med dette.
6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og dersom ein opprettar eit organ som er nemnd over bør dette organet m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift.

Saka skal avgjerast i kommunestyret 6. mai

#### **Kva saka gjeld:**

Denne saka gjeld leveranse av scenarioanalyse Nordhordland/Alver som vart bestilt i sak 100/20 (kommunestyremøte 17.09.20).

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn:**

I sak 100/20, *Prosess og rammer for moglegheitsstudie Nordhordland/Alver*, gjorde kommunestyret i Alver følgjande vedtak:

- Alver kommune set av ei økonomisk ramme på kr 750.000 til ein moglegheitsstudie/scenarioanalyse for Nordhordland/Alver.
- Moglegheitsstudien er ein delprosess av scenarioanalysen for Vestland, gjennomført av Vestland fylkeskommune.
- Moglegheitsstudien for Nordhordland/Alver skal vere eit samarbeid med næringslivet i regionen
- Arbeidet blir finansiert i tråd med vedtak i utval for næringsutvikling og drift 29.04.2020 sak 22/20 og kommunestyret 14.05.2020 sak 38/20.

Bakgrunnen for dette vedtaket var ein prosess som starta våren 2020, der kommunen og næringslivet i regionen ønska å sjå på konsekvensane av koronapandemien. Planen var å gjennomføre ei scenarioanalyse i samarbeid med Vestland Fylkeskommune, og kommunestyret i Alver vedtok i mai 2020 å gjennomføre ein prosess under føresetnad av at Vestland fylkeskommune bidrog med økonomiske midlar. Men fylkeskommunen ønska å gjennomføre ei scenarioanalyse for heile Vestland fylke, og ville gjennomføre prosessen sjølv. [Vestlandsscenarioene](#) blei lansert i slutten av oktober 2020.

Som ein del av Vestlandsscenarioene blei det lagt opp til at regionane i Vestland fylke kunne bestille egne delanalyser for sine område. Alver kommune og Nordhordland næringslag (NONL) tok derfor initiativ til å gjennomføre ein eigen scenarioanalyse for Nordhordland/Alver. Målet med prosessen var å få eit kunnskapsgrunnlag om næringslivet, konsekvensane av pandemien og grunnlag for framtidige strategiske satsingar i regionen. Prosessen med scenarioanalysen blei også forankra på eit møte i regionrådet hausten 2020.

### **Mandat for scenarioanalysen**

Kommunestyret sitt vedtak i sak 100/20 var ei bestilling til å starte prosessen og endeleg mandat for scenarioanalysen blei avklart i slutten av november. Scenarioanalysen gjeld for alle kommunar i Nordhordland inkludert Osterøy og Vaksdal. Sentrale element i mandatet:

- Regional oversikt (per 2018/2019)
  - Fakta og analyse om verdiskaping, sysselsetting, omsetning, storleik på verksemdar, effekt av covid-19. Samanlikning med tal på Vestlandsnivå.
- Scenariomodellering (2020 – 2025)
  - Utvikle scenarioer for kort og mellomlang sikt med fokus på verdiskaping og sysselsetting. Særleg for dei viktigaste næringane. Analysere verdikjeda til oljeindustrien regionalt og vurdere ringverknader opp mot scenarioene. Analysere omstillingsgrad i næringslivet og avklare kva gap som må tettast med nye satsingsområde.
- Moglegheiter og barrierer
  - Kva satsingsområde skal regionen ha og kor bør ein satse? Kva for barrierer må løysast for å sikre grunnlag for nye vekstområde?
- Oppsummering og anbefaling
  - Presentasjon av styrker og svakheiter. Kva er dei største utfordringane og kor ligg dei største mulighetene? Kva kan regionen påverke og korleis skal vi jobbe får å sikre nye vekstområde?

Prosjektet er gjennomført av konsultentselskapet EY, og det har vore eit tett samarbeid med næringslivet i regionen og alle kommunane. På grunn av prosessen med å utarbeide prospekt for batterifabrikk, blei gjennomføring av prosjektet flytta noko fram i tid. Endeleg lansering blei gjennomført 22. mars i samarbeid med alle aktørar som har vore involvert.

### **Vurdering:**

Målet med scenarioanalysen har vore å etablere eit faktabasert kunnskapsgrunnlag og utvikle scenarioar for næringsutvikling og sysselsetting i regionen. I tillegg skal dette vere eit felles grunnlag for kommunale og regionale planprosessar, samt at bedriftene har eit grunnlag for strategiske prioriteringar.

Rådmannen ser på scenarioanalysen som eit godt grunnlag for dei plan- og strategiprosessar som kommunen skal gjennom dei åra, og analysen kan nyttast målretta inn mot ulike prosessar. Døme på dette kan vere kommuneplanen sin samfunnsdel og strategisk næringsplan. Rådmannen ser ikkje behov for å gjere ei større utgreiing rundt scenarioanalysen i denne saka, då grunnlaget i rapporten vil bli brukt aktivt i fleire av kommunen sine utviklingsprosessar. Men det er likevel nokre moment frå analysen som er viktig å trekke fram og som blir sentrale i vidareutvikling av regionen og kommunen.

- Nordhordland er ein industriregion der olje og gass er den klart største næringa målt i verdiskaping.
- For Alver kommune står olje og gass for nærare 50% av verdiskapinga
- Regionen har historisk vore mindre ramma av nasjonale og internasjonale kriser, og det verkar til at næringslivet i regionen har klart seg greitt gjennom koronakrisa.
- Denne historiske stabiliteten har også bidratt til at det i liten grad har vore behov for omstilling til nye næringar.
- Næringsstrukturen er einseitig og gjer regionen og kommunen sårbar.
- Aktiviteten på Mongstad og rundt Fensfjordbassenget skapar mange jobbar, og aktiviteten i olje og gass gir store ringverknader for andre næringar og høg kjøpekraft
- Det er lite som tyder på vidare vekst for oljeindustrien i Nordhordland, og det er forventa eit lågare aktivitetsnivå nesten uansett kva scenario ein tar utgangspunkt i.
- Det er kritisk viktig at regionen lukkast med å bygge nye arbeidsplassar i ny grøn industri parallelt med kontinuerleg omstilling av eksisterande industri.
- Det er planlagt nye prosjekt og etableringar på over kr 24 mrd i heile regionen. Målt i verdiskaping og

- sysselsetting ser vi at det største volumet er konsentrert rundt Fensfjorden.
- Utvikling av ny industri og nye arbeidsplassar i Fensfjorden vil vere ein nøkkelfaktor for regionen. Og Greenspot Mongstad kan vere med å bidra til denne utviklinga.
  - Med ein mogleg framtidig batterifabrikk har scenarioanalysen identifisert nær 1800 direkte nye arbeidsplassar. Ringverknadane er på 4300 arbeidsplassar (inkludert direkte arbeidsplassar)
  - Men det finns fleire barrierer for å realisere ønska scenario. Og regionen og Vestland fylke må ha ei felles mobilisering for å løyse barrierene. Døme på barrierer er:
    - Mangel på nettkapasitet.
    - Infrastruktur som legg til rette for mobilitet
    - Mangel på kvalifisert arbeidskraft
    - Attraktivitet, tiltrekke nye store verksemdar
    - Manglar erfaring med pilotprosjekt, skalering og kommersialisering
    - Manglande felles strategi og samarbeid
    - Einsidig næringsstruktur og manglande evne til omstilling – for seint ute
  - I scenarioanalysen anbefalar EY nokre grep og tiltak for å sikre suksessfull overgang til neste generasjon industriregion. Hovudtrekka i tiltaka er følgjande:
    - Vi må posisjonere og marknadsføre regionen som ein attraktiv region for nyetableringar og kvalifisert arbeidskraft
    - Infrastruktur og tomter må vere klare for dei som skal etablere seg (plug and play)
    - Verksemdene i Fensfjordbassenget kan tilby tenester som dekkar alle behov for ny industri. Det kan vere ein stad der ein får alt. Men då trengs det samarbeid på tvers og tilrettelegging for nye marknader.
    - Felles mobilisering for å etablere industrielle klynger i regionen. Havvind, hydrogen, industriteknologi kan vere aktuelle kompetanseområde.
    - Tydlegare roller og ansvarsfordeling. Det bør vere ei meir tydeleg avklaring på kven som gjer kva i det regionale og kommunale utviklingsarbeidet. Her har regionråd, kommunar, verksemdene, næringsråda og næringsutviklingsselskap ulike roller. Aktørane bør ha ein felles strategi, men i oppfølginga har aktørane ulike roller.

**Vedlegg i saken:**

19.04.2021	Mandat Scenarioanalyse Nordhordland	1545872
19.04.2021	Nordhordland scenarioanalyse - executive summary	1545873
19.04.2021	Nordhordland scenarioanalyse	1545874